

HERØY
kommune



Kvalitetsstandard for tildeling av helse og omsorgstjenester

EI BÅTLENGD FØRE



Innhald

Samandrag	4
Innleiing	4
Kva som forventast før søknad om teneste	5
Innsatstrappa	5
Kva som forventast av søker/partsrepresentant	6
Korleis søker om teneste	6
Kva kan forventast av kommunen	8
Klage på enkeltvedtak	9
Velferdsteknologi	10
Medisindispenser:	10
Digitalt tilsyn:	10
GPS/lokaliseringsteknologi	11
Medisindispenser	11
Digitalt tilsyn	11
Tryggleiksalarm	13
Dagtilbod	15
Dagopphald i indtitusjon	15
Dagaktivitetstilbod for personar med demens	16
Dagaktivitetstilbod til personar med funksjonsnedsettelsar	17
Dagaktivitetstilbod til personar med psykisk helse- og/eller rusutfordring	19
Bustadar	20
Omsorgsbustad med heildøgnsbemannning	20
Kommunal bustad	22
Matombering	24
Praktisk bistand	25
Daglege gjeremål (heimehjelp)	25
Hjelp til handling	28
Opplæring og målretta miljøarbeid	29
Brukarstyrt personleg assistent (BPA)	31
Støttekontakt	33

Helsetenester i heimen (heimesjukepleie)	35
Psykisk helse og rus	37
Demens- og psykiatriteamet	39
Avlasting	40
Avlasting barn	40
Avlasting i institusjon eller heildøgnsbemannå bustad	42
Omsorgsstønad	44
Kvardagsrehabilitering	46
Opphold i institusjon	48
Korttidsopphold i institusjon	48
Midlertidig opphold i møblert omsorgsbustad med delvis bemanning	50
Langtidsopphold i institusjon	51
Skjerma seksjon	53
Individuell plan og koordinator	55
Transportteneste for personar med funksjonsnedsettelse (TT-kort)	57
Følgjekort	59

Samandrag

Dette er ei serviceerklæring for helse og omsorgstenester som du kan søkje om.

Tenestene blir tildelt som enkeltvedtak i Herøy kommune. Her får du vite meir om tilboda som er i kommunen, kva du kan forvente deg som innbyggjar, og kva vi forventar av deg.

Innleiing

Dette dokumentet forklarar korleis Herøy kommune tildeler sine helse- og omsorgstenester. Vi ynskjer å skape ei felles forståing for nivået på tenesteytinga, basert på lovverk, faglege og juridiske vurderingar, og politiske prioriteringar. Kvalitetsstandarden skal gi både teneste-mottakarar og tenesteutøvarar god informasjon om tenestene og kva ein kan forvente når ein tek imot kommunale helse- og omsorgstenester.

Enkelte helse- og omsorgstenester krev ikkje søknad eller vedtak. Dette gjeld jordmor, helse-stasjon, legeteneste, legevakt, fysioterapi, ergoterapi, kreftkoordinator og kommunepsykolog. Kommunepsykolog krev tilvising frå lege. Dette dokumentet omhandlar hovudsakleg dei tenestene som krev enkeltvedtak.

Målet for helse- og omsorgstenesta i Herøy kommune er å tilby tenester av god kvalitet på best effektive omsorgsnivå (BEON-prinsippet). Kommunane har ansvar for å utforme det lokale tenestetilbodet i samsvar med lokale føresetnader og behov. Til grunn for vår organisering og tildeling ligg ei rekke myndigheitskrav, blant dei viktigaste er:

- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. \(Helse- og omsorgstjenesteloven\)](#)
- [Lov om pasient og brukerrettigheter](#)
- [Lov om helsepersonell m.v. \(Helsepersonelloven\)](#)
- [Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker](#)
- [Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene \(kvalitetsforskriften\)](#)
- [Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse og omsorgstenesten](#)
- [Forskrift om en verdig eldreomsorg \(verdighetsgarantien\)](#)

Kommunane har etter helse- og omsorgstenestelova § 3-1 ansvar for å sørge for nødvendige helse- og omsorgstenester til alle som oppheld seg i kommunen. Dette omfattar alle pasient- og brukargrupper, inkludert personar med fysiske helseproblem/sjukdom, psykiske lidningar, rus-middelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne. Lova gir ikkje brukarar rett til ei bestemt teneste, som til dømes opphold i sjukeheim. Det er opp til kvar enkelt kommune å vurdere kva hjelp som er nødvendig, og i Herøy kommune vil tildeling skje etter BEON-prinsippet.

Kva som forventast før søknad om teneste

- Ha fokus på meistring og eigenomsorg
- Alle har ansvar for eige liv: innhente informasjon, råd og planlegge ut frå eigen livssituasjon
- Tilrettelegging i eksisterande bustad eller bytte av bustad
- Nyte aktivt eigen familie og nettverk
- Nyte tilbod i regi av frivillige, lag og organisasjoner
- Bestille varer og tenester privat (lista er ikkje uttømmande):
 - Daglegvarer
 - Følge til aktivitetar/avtale
 - Transport
 - Reingjering
 - Hagestell
 - Snømåking/brøyting
- Innkjøp av meistringsteknologi som er allment tilgjengeleg, for eksempel robotstøvsuger og GPS-klokke
- Innkjøp av hensiktsmessig inventar, for eksempel regulerbar stol og seng
- Apotekavtale for levering av apotekvarer; multidose, inkontinensutstyr med meir


Innsatstrappa

Innsatstrappa gir oversikt over tenestetilboda våre og hjelper oss med å identifisere kva tenester vi må styrke for å møte framtidige behov.

Innsatstrappa har tolv trinn. På dei første trinna finn du breie tilbod som hjelper alle innbyggjarane med å ta vare på helsa si. I den andre enden av trappa finn du spesialiserte tilbod for innbyggjarar med store hjelpebehov.

Målet vårt er å styrke dei første trinna i trappa for å utsette behovet for tenestene på dei mellomste og siste trinna. Med andre ord: Vi skal førebygge framfor å reparere.

Dette gir best kvalitet for innbyggjarane og kostar minst for samfunnet.



Kva som forventast av søker/partsrepresentant

- Søknad om teneste sendast i så god tid som mogleg
- Søkjar definerer kven som er nærmeste pårørande/fullmektig/verje
- Eventuelle nødvendige samtykke og fullmakt må sendast inn saman med søknaden
- Utfører dei oppgåvane søker klarer sjøl
- Yter en eigeninnsats ved å følge avtaler for å nå sine målsetjingar så langt mogleg
- Gjer seg kjend med innhaldet i vedtak, informasjonsskriv eller avtaler. Tenester som ikkje nyttast, vil som hovudregel avsluttast
- Deltek i utforming av eigne planar og avtaler så langt mogleg for å sikre eigen medverking og innflytelse
- Gir beskjed dersom søker ikkje er heime til avtalt tid
- Møter til avtalt time
- Avbestiller drosje
- Avbestill eller avslutning av tenesta gjerast i så god tid som mogleg
- Heimen skal være utstyrt med naudsynt og tilpassa utstyr
- Der det er naudsynt kan tenesteytar ta i bruk tekniske hjelpemiddlar for å utøve nødvendige stell og pleie. Dette på bakgrunn av arbeidsmiljølov og HMS-arbeid retta mot den enkelte tilsette
- Der det er hensiktsmessig eller naudsynt må søker vere open for/forberedt på utprøving/ bruk av tryggleiks- og meistringsteknologi for nødvendig bistand
- Når søker mottek tenester i heimen, blir dette automatisk tenesteytars arbeidsplass. Det forventast at søker bidreg til å skape ein god arbeidsplass for tenesteytar, jfr. Arbeidsmiljølova
- Nødvendig ommøblering og fjerning av tepper må aksepterast
- Det er ei forutsetning at det ikkje røykast medan tenesteytar er på besøk, og at det eventuelt luftast ut på førehand
- Søkjar som har husdyr må sørge for at desse ikkje er til sjenanse for tenesteytar
- Det må sorgast for at tilkomst til bustad er framkomeleg og trygg uavhengig av årstid
- Det må vere belysning utandørs og innandørs slik at det er lett å finne fram
- Bustad må vere godt merka med husnummer og namn
- Heimen må vere i ein slik stand at tenesteturvar kan utføre arbeidet. Dersom bustaden er særskild skitten krevst det at det blir utført rundvask før kommunal bistand settast inn. Dette må den enkelte søker sjølv sørge for
- Tek kontakt med posten for plassering av postkasse ved inngangsdør
- Tenestene vil ikkje bli utført i situasjonar der søker eller andre i bustaden viser truande eller valdeleg åtferd. Tenesteytar vil melde frå til annan instans (eks. lege, spesialisthelsetenestene eller politiet) dersom det vurderast at det er behov for det.

Korleis søke på tenester?

Tildeling av helse- og omsorgstenester

- Tildeling av helse- og omsorgstenester skjer som regel etter skriftleg eller digital søknad.
- I akutte tilfelle kan tildeling av tenester skje etter munnleg førespurnad til teneste-apparatet.
- Enkeltvedtak blir fatta etter at tenesta er igangsett.
- [Herøy kommune sitt søknadsskjema skal nyttast.](#)

Korleis kommunen handsamar søknaden


- Avdeling for tenestekoordinering vil behandle søknaden i tråd med forvaltningslova, sammen med tenesta det er søkt om.
- Før søknaden kan handsamast, blir det gjennomført ei kartlegging av brukaren sine eigne ressursar og behov for hjelp.
- Kartleggingssamtale skal som hovedregel bli utført innan 14 dagar etter at søknaden er motteken.
- Pårørande kan delta om ynskjeleg.

Kartlegging og samtykke

- Kommunen pliktar å nytte kartleggingsverktyet IPLOS, som er eit nasjonalt statistikkregister som viser pasienten sine ressursar, behov og tenestenivå.
- I tillegg til heimebesøk har vi i enkelte høve behov for å innhente opplysningar frå andre instansar, som til dømes fastlege.
- For at vi skal kunne foreta ei heilskapleg vurdering i saka, må det føreligge skriftleg samtykke til å innhente opplysningar frå relevante partar.
- Dette samtykker ein til på baksida av søknadsskjemaet.

Svar på søknaden

- Det blir gitt skriftleg svar på søknaden, og det blir som regel fatta enkeltvedtak på alle tenester.
- Unntaket er «lavterskelttilbod», som er tenester der du kan ta direkte kontakt med tenesta, der vanlege sakshandsamingsreglar ikkje vert nytta.
- Døme på dette er oppfølging av kreftkoordinator, psykologtenesta og Svingen



Kva kan forventast av kommunen

- Heimesida er oppdatert med informasjon
- Tenestetilbodet er utforma slik at brukaren skal få bu heime lengst mogleg
- Vurdering av behov for helsehjelp og tenestetilbod blir fortløpende vurdert. Vedtaket vert jamleg revurdert og endra i samsvar med endring i hjelpebehov
- Det vil bli gitt informasjon om tenesta og/eller frivillige tilbod
- Det vil bli gitt informasjon om og rettleiing til å søkje om tenester
- Vi fylgjer forvaltningslova i all sakshandsaming
- Tildeling av tenester skjer etter tverrfagleg, individuell og skjønsmessig vurdering, ut i frå gjeldande lovverk og vedtekne standardar
- Opplysningar frå søknad og tenesteyting blir behandla konfidensielt
- Ved endring av teneste vil det bli sendt ut skriftleg forhandsvarsle med høve til å uttale seg jamfør Forvaltningslova § 16.
- Det blir lagt stor vekt på brukarmedverknad i tilrettelegging av tenestene. Du skal bli spurt kva som er viktig for deg.
- Herøy kommune sikrar at saka er tilstrekkeleg opplyst ved behandling av søknaden
- Etter kartlegging og registrering av IPLOS blir det gjort ei vurdering av søker sitt behov for helsehjelp
- All tenesteyting tek utgangspunkt i brukaren sine eigne ressursar og legg til rette for å oppretthalde eller vinne att funksjonsnivå/ eigenmestring.
- Brukar får ei grunnjaving for avgjersla i enkeltvedtaket.
- Vedtak/avgjersler om enkelte tenester er tidsavgrensa.
- Handsamar klagar på vedtak/avgjersler og tenesteyting
- Handsamar bekymringsmeldingar
- Det ytes naudsynle og forsvarlege tenester etter individuell kartlegging
- For best mogleg å styrke søkers meistring kan tenestene omfatte informasjon, støtte, rettleiing og opplæring
- Tenesta ytes slik det kjem fram av vedtak eller avtale



Klage

Klage på enkeltvedtak

- Alle enkeltvedtak kan klagast på innan ei viss frist, som blir informert om i enkeltvedtaket, jf. Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker kap. 6 og Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.
- Dersom det er behov for hjelp til å skrive klagen, kan avdeling for tenestekoordinering bidra med dette.
- Klaga skal vere skriftleg og det må kome fram av klagen kva ein klagar på.
- Klagen sendast til avdeling for tenestekoordinering.
- Om vedtaket ikkje blir endra, blir klaga vidaresendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for overprøving.

Unntak

- Tildeling av kommunal bustad, transportteneste (TT) og følgjebeweis for funksjonshemma: Klaga vil bli overprøvd av Herøy kommune si klagenemnd.
- Klage på sjølve utføring av tenesta, kvalitet eller helsepersonell skal gå til tenesteleiar.

Velferdsteknologi

Lovgrunnlag

Tenesta kan ytast som eit førebyggande og tryggleiksskapande tiltak (serviceteneste) eller den kan ytast som helsehjelp etter [Lov om helse og omsorgstenester § 3-2](#) punkt 6 bokstav b og [Lov om pasient og brukarrettigheter § 2-1](#) bokstav a.

Rett til klage

Du har rett til å klage når tenesten er tildelt med bakgrunn i helse- og omsorgtenestelova.

Kostnad

Det er eigenandel etter fastsett pris per månad når alarm er innvilga som eit servicetilbod.

Mål for tenesta

Velferdsteknologi skal bidra til auka tryggleik, sjølvstende, meistring og/eller rørslefridom for pasient/brukar og bidra til at tenestemottakar kan bu lengst mogleg i eigen heim.

Kriterier for tildeling

- Har orienteringsvanskar
- Har nokon som kan bistå med lading av teknologien, eller administrerer lading sjølv
- Har pårørande som kan ta i mot varsel, eller du bur på institusjon
- Behovet kan ikkje løysast ved hjelp av ordinær tryggleiksalarm eller mobiltelefon

Medisindispenser:

- Meistrar å ta medisinane frå dispenseren
- Tek medisinen
- Det er ikkje fare for at du samlar opp medisin og tek for mykje på ein gong
- Det er ikkje fare for at du eller andre nære vil forsøke bryte opp dispenseren for tilgang til medisin

Digitalt tilsyn:

- Det er behov for tilsyn i rommet, utan at personalet er fysisk tilstades
- Det er behov for varsling ved fall
- Det er hensiktsmessig at personalet veit om du sov eller er vaken, til dømes om natta
- Det er behov for overvaking av til dømes ulike typar anfall, endringar i pustefrekvens, søvnmonster og temperaturregulering
- Du vil ha behov for hjelp om alarmen vert utløyst, men klarar deg sjølv elles
- Hindre vesentleg helseskade

Praktiske opplysningar

- Teknologien vert montert så snart vi har kapasitet etter at behovet er avdekt og nødvendig kartlegging og tilpassing er utført
- Gi rettleiing og opplæring
- Når alarmar vert utløyst vil aktuell teneste følge opp varselet og handtere situasjonen ut frå gjeldande prosedyrar
- Feilretting etter gjeldande prosedyrar

GPS/lokaliseringsteknologi:

GPS er eit hjelpemiddel for å lokalisere ein person. Herøy kommune tilbyr utlån av GPS (Pico) til personar med demens eller som av andre aktuelle årsaker er hindra frå å bevege seg sjølvstendig utandørs. Våre GPS'ar har også ein alarmknapp som kan nyttast til å tilkalle hjelp, som ein vanleg tryggleiksalarm. Vi har både GPS-klokker og GPS til å ha i lomme, rundt halsen eller i skoen.


Medisindispenser:

Dispenseren legg til rette for automatisk utlevering av multidose. Pasienten blir varsle med lys og lyd når det er tid for å ta medisinen, ved å trykke på ein blinkande knapp kjem ein opna pose med medisin ut. Dersom medisinen ikkje blir henta ut, blir dette registrert, og det blir sendt eit varsel til heimesjukepleie, pårørande eller pasienten sjølv via SMS.

Dispenseren har eit diskret design, og enkelt kan flyttast rundt ved behov. Ein kan også ta den med på reiser. Det er mogleg å hente ut multidoseposen på førehånd, når det er behov for å ta med seg medisindosen ut av heimen.

Digitalt tilsyn:

Digitale tilsyn er eit supplement til fysiske tilsyn frå personalet på sjukeheim eller i heimeteneste. Det kan vere utstyr som følgjer med på om ein bebuar er i senga si om natta, eller om nokon har falt. Det finst fleire typar av slik teknologi.



Forventningar til tenestemottakar/føresatte

- Må levere nøkkel til heimetenesta, dørkode eller montere nøkkelsboks ved inngangsdøra før tenesta kan starte
- Må bære alarmknappen heile døgnet anten i halssnor eller rundt handleddet
- Alarmen vert berre nytta ved akutte eller alvorlege situasjonar, t.d. ved fall, skade eller sjukdom
- Erstattar alarmknappen/alarmboksen om den vert mista eller øydelagd med vilje. Dette skjer via fakturering frå kommunen

Merknad

[Meir informasjon finn du på nettsida til kommunen.](#)

Tryggleksalarm

Lovgrunnlag

Tidelast også som eit servicetilbod til innbyggjarar i kommunen.

[Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester](#)

Rett til klage

Du har rett til å klage når tenesten er tildelt med bakgrunn i helse- og omsorgstenestelova.

Kostnad

Det er eigenandel etter fastsett pris per månad når alarm er innvilga som eit servicetilbod.

Mål for tenesta

Tryggleksalarm skal bidra til auka tryggleik for tenestemottakar og bidra til vedkomande kan bu lengst mogleg i eigen heim eller omsorgsbustad.

Kriterier for tildeling

Heimebuande eldre og personar med funksjonsnedsetting kan bli tildelt tryggleksalarm ut frå desse kriteria:

- Kjenner seg utrygg pga. sjukdom eller funksjonsnedsetting
- Har behov for å tilkalle hjelp pga. sjukdom og funksjonsnedsetting
- Forstår bruken av alarmen og meistrar å bruke alarmknappen
- Samtykker til at det vert montert opp nøkkelsoks med nøkkel, ved inngangsdøra di
- Nyttar ikkje alarm der telefon kan nyttast

Praktiske opplysningar

- Før installasjon av alarm i heimen må tenestemottakar levere nøkkel til heimetenesta
- Tryggleksalarm er ei ordning der tenestemottakar kan kome i kontakt med heimetenesta i ein akutt eller alvorleg situasjon der tenestemottakar treng hjelp
- Tenesta består av ein alarmboks, ein alarmknapp og alarmteneste frå heimetenesta
- Det er mogleg å koble ytterlegare sensorar til tryggleksalarmen, til dømes fallalarm, sengealarm og døralarm

Forventningar til tenesteytar

- Alarm vil bli montert så snart vi har kapasitet etter at søknad er innvilga
- Gi rettleiing og opplæring
- Tek raskt kontakt via alarmboks eller telefon når tenestemottakar utløyer alarmen.
- Rykker raskt ut til heimen dersom det ikkje oppnåast kontakt
- Dersom pårørande/naboar tek del i varslingskjeda vil tenesteytar ta kontakt med pårørande/nabo når alarmen er utløyst og be vedkommande ta kontakt

Forventningar til tenestemottakar

- Skaffar sjølv og tek i bruk helse-/meistringsteknologi og hjelpemiddel som er allment tilgjengeleg
- Lærer seg å bruke nødvendig helse-/meistringsteknologi og hjelpemidlar
- Aksepterer bruk av nødvendig helse- /meistringsteknologi og hjelpemiddel for å få helse- og omsorgstenester i heimen
- Sørger for forsvarleg bruk, enkelt vedlikehald og oppbevaring av helse-/ meistringsteknologi og hjelpemidlar lånt av kommunen
- Opptrer respektfullt i møte med tenesteytar
- Gi melding til heimetenesta ved langvarig fråvær frå eigen bustad
- Utstyret vert behandla forsvarleg

Merknad

[Meir informasjon finn du på nettsida til kommunen.](#)

Dagtilbod

Dagopphald i institusjon

Lovgrunnlag

[Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2](#) punkt 6 bokstav c – plass i institusjon, herunder sjukeheim.

Rett til klage

Du har rett til å klage etter [Lov om pasient - og brukerrettigheter §7-2.](#)

Kostnad

Dersom opphaldet ikkje er avlastning er det kostnader knytt til tilboden. Kostnaden står i enkeltvedtaket. Kostnadane blir justert årleg i Rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Mål for tenesta

- Dagopphald skal bidra til at eldre som bur heime får ein meiningsfull kvardag, og kan bu heime lengst mogleg. Det kan i enkelte tilfelle vere eit viktig tilbod for å førebyggje funksjonssvikt
- Sosialt fellesskap
- Tenesta kan også vere eit tilbod til personar som treng avlasting

Kriterier for tildeling

- Har fysisk eller psykisk funksjonssvikt som gjer at tenestemottakar ikkje kan delta på andre aktivitetstilbod i kommunen
- Har behov for hjelp til å komme seg ut av heimen for å få ein meiningsfull kvardag, aktivisering og fellesskap
- Treng dagtilbod på grunn av at pårørande er i arbeid eller har behov for avlasting
- Førebyggje behov for omfattande tenester i heimen eller institusjonsplass

Praktiske opplysningar

Under dagopphaldet får du servert frukost, middag og mellommåltid i sosialt fellesskap med andre. I tillegg får du tilbod om å delta på ulike sosiale aktivitetar.

Forventningar til tenesteytar

Tilbod om transport til og frå dagopphaldet.

Forventningar til tenestemottakar/føresette

- Gir beskjed så snart som råd om tenestemottakar ikkje kan delta
- Tek med deg nødvendig medisin og hjelpemiddel

Merknad

[Meir informasjon finn du på nettsida til kommunen.](#)

Dagaktivitetstilbod for personar med demens

Lovgrunnlag

[Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2 punkt 7](#)

Rett til klage

Du har rett til å klage etter [Lov om pasient - og brukerrettigheter §7-2.](#)

Kostnad

Dersom opphaldet ikkje er avlastning er det kostnader knytt til tilbodet. Kostnaden står i enkeltvedtaket og vert justert årleg i Rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Mål for tenesta

- Tenesta kan også vere eit tilbod til personar som treng avlastning.
- Dagopphald skal bidra til at heimebuande personar som bur heime får ein meiningsfull kvardag, og kan bu heime lengst mogleg. Det kan i enkelte tilfelle vere eit viktig tilbod for å førebyggje funksjonssvikt.

Kriterier for tildeling

- Må ha ein viss fysisk funksjon og vere vurdert av demens- og psykiatriteamet i kommunen
- Har ei demensdiagnose, eller er under utredning for demens
- Må kunne nyttiggjere seg av tilbodet og kunne fungere i ei gruppe slik at aktivitetane bidreg til å vedlikehalde funksjonsnivået
- Kan ikkje ha store behov for bistand til ADL (aktivitetar i daglelivet)
- Kan ikkje stå i fare for å forlate aktivitetssenteret på eigenhand
- Har behov for hjelp til å komme seg ut av heimen for å få ein meiningsfull kvardag, aktivisering og fellesskap
- Treng dagtilbod på grunn av at pårørande er i arbeid eller har behov for avlastning
- Førebyggje behov for omfattande tenester i heimen eller institusjonsplass

Praktiske opplysningar

- Det blir servert frukost, middag og mellommåltid i sosialt fellesskap med andre
- Tilbod om å delta på ulike sosiale aktivitetar
- Tilbod om gratis skyss til/frå dagsenteret

Forventningar til tenesteytar

- Opptrer respektfullt overfor tenestemottakar

Forventningar til tenestemottakar/føresette

- Gir beskjed så snart som råd om du ikkje kan delta på dagtilbodet
- Tek med deg nødvendig medisin og hjelpemiddel
- Ansvar for forsvarleg tilkomst til bustaden dersom du nytter transportteneste frå kommunen. Til dømes brøyting/strøing på vinterstid

Merkand

[Meir informasjon finn du på nettsida til kommunen.](#)

Dagaktivitetstilbod til personar med funksjonsnedsettelsar

Lovgrunnlag

Dagaktivitetstilbod er ikkje ei lovpålagt teneste, men kan bli [tildelt med heimel i Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2](#) punkt 6 bokstav b, eller [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-6](#) punkt 2 som gjeld kommunen sitt ansvar for pårørande.

Rett til klage

Du har rett til å klage etter [Lov om pasient - og brukerrettigheter §7-2](#).

Kostnad

Tilbodet er gratis.

Mål for tenesta

- Bidra til at du får ein aktiv og meiningsfull kvardag i samvær med andre
- Ha ein strukturert og meiningsfull kvardag
- Vere deltakar i ein sosial samanheng
- Ivareta behov for fysisk aktivitet og sansestimulering
- Skal leggje til rette og gjennomføre aktivitetar i samarbeid med brukaren, utifrå individuelle ressursar, behov og interesser
- Skal gi rom for utvikling og meistring
- Skal medverke til tryggleik og ein verdig livssituasjon.

Kriterier for tildeling

- Tenesta er eit tilbod til personar over 18 år som har medfødde eller erverva skade – frå letare grad til multifunksjonshemning.
- Pårørande har behov for avlastning

Praktiske opplysningar

- [Dagaktivitetstilbod er på Herøy produksjon](#). Herøy produksjon leverer blant anna trevarerprodukt til både næringsliv og den private marknaden. I tillegg til dette har dei utstyr til å digitalisere filmar og bilete.
- Kan bli innvilga inntil fem dagar i veka.

Forventningar til tenesteytar

- Legg vekt på brukarens interesser, ønsker og ressursar
- Individuell tilrettlegging og tilpassing til den enkelte sitt behov
- Opptrer respektfullt overfor tenestemottakar

Tenesta inkluderer ikkje

- Måltid

Forventningar til tenestemottakar/føresette

- Gir beskjed så snart som råd om tenestemottakar ikkje kan delta
- Tek med deg nødvendig medisin og hjelpemiddel

Merknad

Meir informasjon finn du på Herøy produksjon sine nettsider.

Dagaktivitetstilbod til personar med psykisk helse- og/eller rus-utfordring

Lovgrunnlag

Tenesta er eit lavterksel tilbod, og den er ikkje lovpålagt.

[Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-6 punkt 2](#) som gjeld kommunen sitt ansvar for avlastning til pårørande.

Rett til klage

Du har ikkje rett til å klage då det ikkje vert sendt ut enkeltvedtak på tenesta.

Kostnad

Det er ein eigenandel for tenesta.

Transport til og frå dagtilboden er inkludert i eigenandelen. Dersom dagtilboden ikkje er eit lovpålagt tilbod, står kommunen fritt til å vurdere størrelsen på eigenandelen. Satsen vert justert årleg av kommunestyret

Mål for tenesta

Tenesta skal bidra med motivasjon, hjelp og støtte til å meistre utfordringar i kvardagen gjenom å etablere sosiale fellesskap og utvikle tryggleik i samvær med andre

Kriterier for tildeling

- Bur i Herøy kommune og er mellom 18 – 67 år
- Ta direkte kontakt med seksjonsleiar for påmelding
- Det vil bli gjort ei individuell vurdering av kva teneste som er fagleg forsvarleg og best egnad i samråd med tenestemottakar

Praktiske opplysningar

Aktivitetstilboden i teneste for psykisk helse og rus består av mange ulike aktivitetar. Det kan til dømes vere kreativgruppe på Solheim dagsenter, kreativ aktivitet, bading på Sunnmørsbadet, friluftsgruppe, samtalegruppe, musikkgruppe, dagkino

Forventningar til tenestemottakar

- Gir beskjed så snart som råd dersom du ikkje kan delta på dagtilboden
- Tek med nødvendig medisin og hjelpemiddel

Merknad

[Meir informasjon finn du på nettsida til kommunen.](#)

Bustadar

Omsorgsbustad med heildøgnsbemanning

Lovgrunnlag

Tildelinga skjer etter:

- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester §3-2a](#)
- [Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1](#)

Rett til klage

Du har rett til å klage etter [Lov om pasient - og brukerrettigheter §7-2.](#)

Kostnad

Bebuar inngår husleigekontrakt og betalar husleige og straum til kommunen. Husleigekontrakta er på 3 år om gangen.

Mål for tenesta

Personar som har behov for heildøgns omsorg skal kunne ha eit mest mogleg sjølvstendig liv ved å bu i omsorgsbustad med bemanning tilgjengeleg heile døgnet.

Kriterier for tildeling

- Personar med som treng døgnkontinuerleg helse og omsorgstenester
- Alle andre tenester er prøvd ut, og vurdert å ikkje vere tenleg eller forsvarleg
- Etter ei fagleg vurdering kan omsorgsnivået endrast

Praktiske opplysningar

- Tenesta er eit tilbod til personar over 18 år som grunna psykisk, fysisk eller sosial funksjonshemming treng heildøgns tilsyn eller omsorg
- Omsorgsbustad inneber tilbod om bustad med husleigekontrakt og innbyggjar får tilgang til personalressursen i bustaden
- Leigetakar må sjølv møblere bustaden og ha eiga innbuforsikring
- Tenestemottakar må sjølv melde flytting til folkeregisteret, posten m.m.
- Møblering av bustaden blir gjort i samarbeid med personale
- Tildeling av tenester utover dette skjer på bakgrunn av individuell vurdering og enkeltvedtak.
- Ha eigen fastlege
- Ved behov for fysioterapeut må det søkast på lik linje som heimebuande
- Støttekontakt og dagopphald blir hovudsakleg avsluttast. Det blir gjort ein individuell vurdering.
- Tryggleksalarm, digitalt tilsyn og reinhald av rydda flate er inkludert i husleiga. Reinhold

utover dette blir vurdert i eige vedtak

- Kan få bistand til klesvask. Kommunen erstattar ikkje øydelagde kle
- Kan søkje om bustøtte hos Husbanken

Forventningar til tenesteytar

At det blir gitt nødvendige helse- og omsorgstenester. Det blir gitt varierande tilbod for felleskapet og ein meiningsfull kvardag.

Tenesta inkluderer ikkje:

- Hjelp til handling
- Innkjøp/aerrend/følge til ulike avtalar
- Tilsyn av sjukeheimslege

Forventningar til tenestemottakar/pårørande

- Deltek i dagleglivet sine gjeremål i den grad du greier
- Nyttar eigen fastlege
- Skriv under husleigekontrakt og seier opp bustad ved opphør
- Har ansvar for nedvask vert gjort ved utflytting. Kommunal nedvask kan bestillast.
- Utover vanleg brukslitasje må du erstatte skader. Det vil bli gjort ei individuell vurdering på kvart enkelt tilfelle.
- Nødvendige hjelpemidlar blir nytta

Merknad

[Meir informasjon finn du på nettsida til kommunen.](#)

Kommunal bustad

Lovgrunnlag

[Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet.](#)

Rett til klage

Du har rett til å klage og klagen vil gå til lokal klagenemnd.

Klage på enkeltvedtak om bustadsosial rettleiing er det statsforvaltar som er klageorgan.

Kostnad

- Månadleg husleige
- Satsen blir opplyst i vedtaket og husleiga
- Ved prisjustering vil det bli sendt ut varsel

Mål for tenesta

Skal hjelpe tenestemottakar til å vere mest mogleg sjølvstendig, bidra til at tenestemottakar kjenner seg trygg og at offentleg teneste skal vere lett tilgjengeleg.

Kriterier for tildeling

- Treng særskilt tilrettelagt bustad
- Er utan bustad og ikkje er i stand til å skaffe deg bustad sjølv, eller med hjelp frå andre
- Det må vere anten økonomiske, helsemessige eller sosiale forhold som gjer at du får tilbod om bustad gjennom kommunen
- Må ha budd i Herøy kommune i minimum 2 år for å få tildelt communal bustad, med mindre særlege grunnar ligg føre

Praktiske opplysningar

- Kommunal bustad er i utgangspunktet eit midlertidig tilbod om å leige ein bustad som Herøy kommune eig.
- Herøy har fleire typar bustadar lokalisert på ulike stadar i kommunen
- Dersom søker er vurdert til å vere vanskelegstilt på bustadmarkedet skal kommunen veilede i høve til å finne eigna bustad
- Om søker takkar nei til tildelt bustad vil du ikkje få nytt tilbod, men saka blir avslutta og du må søkje på nytt
- Det er ikkje anledning til å søkje på ein bestemt bustad etter lokalisering, men kommunen tildeler den bustad som er ledig og best egnar
- Eigedomsavdelinga i Herøy kommune har ansvar for utsending av husleigekontrakt og leigeforholdet elles
- Har rett til å søkje om bustøtte, som er ei behovsprøvd statleg støtteordning for personar med låg inntekt og høge bukostnader. Søknad skal sendast til Herøy kommune sitt servicekontor

Tenesta inkluderer ikkje:

Ved tildelt kommunal bustad er ikkje straum, TV og/eller internett, møblar eller kvitevarer inkludert.

Forventningar til tenestemottakar

Søkjar har prøvd å finne bustad på det private marknad og/eller andre tenester er prøvd i noverande bustad.

Merknad

[Meir informasjon finn du på nettsida til kommunen.](#)

Matombering

Lovgrunnlag

- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-1.](#)
- Matombering kan også bli innvilga som praktisk bistand etter [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2, punkt 6 bokstav a](#) og [Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1](#)

Rett til klage

Du har rett til å klage på vedtak om matombringning.

Kostnad

Det er kosnader for tenesten. Kostnaden står i enkeltvedtaket. Kostnaden blir justert årleg i samsvar med regelverk og vedteke av kommunestyret

Mål for tenesta

Matombering skal medverke til at heimebuande som ikke er i stand til å lage middag sjølve får tilstrekkeleg ernæring, slik dei kan bu i eigen bustad lengst mogleg

Kriterier for tildeling

Heimebuande som ikke er i stand til å ivareta sitt ernæringsbehov på grunn av fysisk, psykisk eller sosial funksjonshemming.

Praktiske opplysninger

- Det er ikke høve til å reservere seg for ulike typar middagar, til dømes at du berre ønskjer middag når det er fiskemat.
- Det er ikke muleg å byte dagar utover det som står i vedtaket
- Vi kan ikke henge maten igjen på døra

Forventningar til tenesteytar

- Får levert mat ut i frå behov, til dømes allergi, diabetes eller findelt mat ved tannhelseproblem (medisinske behov)
- Maten blir levert varm, i vakumerte porsjonspakkar

Tenesta inkluderer ikke:

Middag blir ikke levert på laurdag/søndag/raude dagar.

Forventningar til tenestemottakar/pårørand

- Dersom tenestemottakar ikke kan ta imot middag på dei dagane vedkomande har vedtak om, må kjøkenet varslast seinast klokka 12.00 dagen før levering.
- Det skal dokumenterast frå lege dersom du treng spesialkost.

Praktisk bistand

Daglege gjeremål (heimehjelp)

Lovgrunnlag

- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3–2](#) nr. 6 bokstav b
- [Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2–1](#)

Rett til klage

Du har rett til å klage etter [Lov om pasient - og brukerrettigheter §7-2.](#)

Kostnad

Eigenbetaling i samsvar med «Forskrift om eigenbetaling for kommunale helse- og omsorgstjenester», skjer med bakgrunn i inntektsbereking av den samla nettoinntekta til husstanden før særfrådrag.

Mål for tenesta

Praktisk bistand skal bidra til at personar med nedsett funksjonsevne skal få hjelp til daglege gjeremål, slik dei skal kunne bu heime så lenge som mogleg og fremme god livskvalitet.

Kriterier for tildeling

- Må ha behov for praktisk hjelp på grunn av sjukdom og/eller funksjonsnedsetting.
- Det vert vurdert om andre i husstanden kan utføre husarbeidet
- Bur det fleire i husstanden, til dømes ektefelle, må begge søke

Praktiske opplysningar

- Tilbodet for reinhald kan bli redusert i forbindelse med feriar og høgtider.
- Tenesta vert utført kvardagar mellom 08 og 16
- Det vil bli tildelt fast dag og tidspunkt i samråd med tenestemottakar
- Vi kan ikkje garantere at den same personen som vaskar kvar gang
- Ved avlysing vil vi forsøke å gi ny tid, men vi kan ikkje garantere at vi får det til. Då må ein vente til neste avtale igjen
- Tilbod om praktisk bistand i form av nødvendig reingjering og klesvask kvar tredje veke. Individuelle vurderingar vil bli gjort
- Nødvendig reingjering omfattar:
 - o vanleg reinhald av rom som er i dagleg bruk, støvtørk, golvvask, støvsuging og vask av bad/wc
 - o skifte sengekle
 - o Bistand til vask av kle i vaskemaskin

Tenesta inkluderer ikkje:

- Flytting av møblar under reingjering
- Storreingjering
- Vask av vindauge
- Risting av mange, eller store og tunge golvteppe
- Kjellar- og loftsrydding/vasking
- Husarbeid/reingjering av rom som ikkje er i dagleg bruk
- Hjelp til å ta ut og inn av oppvaskmaskin dersom du klarer dette sjølv.
- Førebuing til besøk eller opprydding/oppvask etter gjester
- Reingjering av trapper, gangar eller andre fellesareal i burettslag eller blokker
- Tøyvask for hand
- Stryking av tøy
- Pussing av sølv, kopar og messing
- Hagearbeid
- Baking
- Følgje til lege, fotpleiar, frisør etc.
- Klargjering av søppelsekker for avhenting, dersom dette kan utførast av andre
- Snømåking
- Husdyrhald
- Flytting
- Økonomiske tenester
- Vedlikehald, t.d. reparasjonar av tøy

Forventningar til tenesteytar

- Opptrer på ein respektfull måte i brukar sin heim som fremjar godt samarbeid og god kommunikasjon
- Følge krav til HMS-reglar i heimen, til dømes ikkje å bruke stige/krakk for å reingjere i område over «skulderhøgde»
- Gje tenestemottakar beskjed i rimeleg tid dersom avtalar vert utsett eller avlyst.
- Tenesteytar gjer ei fortløpende vurdering av hjelpebehov og vedtaket kan bli endra i takt med dette

Forventningar til tenestemottakar/pårørande

- Har utstyrt det er behov for, til dømes vaskemiddel, klutar, støvsugar og liknande
- Det kan settast krav om robotstøvsugar
- Bidreg sjølv så langt det er råd og fagleg forsvarleg.
- Tenestemottakar eller pårørande er tilstade når arbeidet vert utført, med mindre anna er avtalt
- Gir beskjed snarast mogleg om det skulle oppstå akutte situasjonar som gjer at du ikkje kan
- ta i mot hjelpa, seinast dagen før kl 12.00
- Avlysing etter dette vil bli fakturert

-
- Det er berre avtale med spesialisthelsetenesta som gir grunnlag for flytting av time
 - Samarbeider ved tilrettelegging av hjelpemiddel i heimen for å ivareta god helsehjelp og for å ivareta arbeidsmiljøet til tenesteytar
 - Tenestemottakars heim er heimehjelpars sin arbeidsplass. Det er difor viktig at:
 - Tenestemottakar og tenesteytar har gjensidig respekt for kvarandre
 - Heimen er godt utlufta dersom du røykjer, og at det ikkje vert røykt når det vert ytt tenester
 - Husdyr er ute av bustaden eller i andre rom når teneste vert ytt
 - Tenestemottakar tillet tilpassingar av hjelpemiddel til bruk i heimen
 - Tenestemottakar respekterer at heimehjelpar ikkje kan take i mot gåver eller pengar
 - Tenestemottakar respekterer at heimehjelpar har teieplikt

Merknad

[Meir informasjon finn du på nettsida til kommunen.](#)

Hjelp til handling

Lovgrunnlag

- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3–2](#) nr. 6 bokstav b
- [Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2–1](#)

Rett til klage

Du har rett til å klage etter [Lov om pasient - og brukerrettigheter §7-2.](#)

Kostnad

Eigenbetaling i samsvar med «Forskrift om eigenbetaling for kommunale helse- og omsorgstjenester», skjer med bakgrunn i inntektsbereking av den samla nettoinntekta til husstanden før særfrådrag.

Mål for tenesta

Tenestemottakar får naudsynte matvarer for å ivareta ein stabil ernæringsstatus

Kriterier for tildeling

- Klarer ikkje å handle matvarer på butikken sjølv
- Klarer ikkje å varme kjøpt ferdigmiddag sjølv
- Har ikkje pårørande eller andre som kan handle for deg

Praktiske opplysningar

- Handling av matvarer 1 gang per veke
- Tenestemottakar skriv hovudsakleg handlelista sjølv
- Det vil verte gitt ut brosjyre med meir informasjon til tenestemottakar

Tenesta inkluderer ikkje:

- Henting av varer på apoteket eller andre butikkar

Forventningar til tenestemottakar/pårørande

- Opprette ein konto på ein av butikkane som har tilbod om dette. Butikken sender deg faktura for matvarene

Merknad

[Meir informasjon finn du på nettsida til kommunen.](#)

Opplæring og målretta miljøarbeid

Lovgrunnlag

- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2](#) nr. 6 bokstav b
- [Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1](#)

Rett til klage

Du har rett til å klage etter [Lov om pasient - og brukerrettigheter §7-2](#).

Kostnad

Vederlagsfrei i den perioden det blir gitt opplæring og rettleiing. Når det endrar seg til å bli assistanse i å utføre daglege gjeremål er det eigenbetaling etter reglar i «Forskrift om eigenbetaling for kommunale helse- og omsorgstjenester».

Mål for tenesta

Tenestemottakar i stor grad skal kunne meistre daglege gjeremål, og halde ved like funksjonar, og/eller tileigne seg ny kunnskap med opplæring og tilrettelegging.

Kriterier for tildeling

- Det vil bli lagt stor vekt på om du evnar å tilegne deg kunnskapen eller om du har behov for vedlikehaldstrening.
- Tenesta er for personar som treng opplæring, rettleiing eller tilrettelegging i å ivareta dei daglege gjeremåla eller som treng hjelp med å organisere kvar dagen sin

Praktiske opplysningar

- Målretta miljøarbeid er ei metode for å gjere deg i stand til å ivareta daglelivets aktivitetar, og for å trena på å bli i betre stand til å ivareta dette sjølv. Dette blir gjort gjennom opplæring i husarbeid, matstell, personleg hygiene, påkledning og i forbindelse med måltid
- Omfang, formål og tidsavgrensing vert presisert i vedtaket
- Det vert i løpet av vedtaksperioden vurdert om tenestemottakar sitt behov for bistand står i stil med tildelte timer

Forventningar til tenesteytar

- Opptrer på ein respektfull måte i brukar sin heim
- Gir beskjed i rimeleg tid dersom avtalar vert utsett eller avlyst
- Gjer ei fortløpande vurdering av hjelpebehov og vedtaket vert endra i takt med dette

Tenesta inkluderer ikkje:

- Praktisk bistand til gjeremål som tenestemottakar ikkje tek del i sjølv eller trenar på å meistre sjølv

Forventningar til tenestemottakar/pårørande

- Tek aktivt del i utføringa av gjeremåla som skal gjerast

Merknad

[Meir informasjon finn du på nettsida til kommunen.](#)

Brukstyrt personleg assistent (BPA)

Lovgrunnlag

- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-8](#)
- [Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 og § 2-1 bokstav d.](#)

Rett til klage

Du har rett til å klage etter [Lov om pasient - og brukerrettigheter §7-2.](#)

Kostnad

Tenesta er gratis. Det vil vere kostnad på timer som inngår i praktisk bistand til daglege gjere-mål.

Mål for tenesta

Medverke til at personar med alvorleg nedsett funksjonsevne eller som har eit stort hjelpebehov, får eit aktivt og mest mogleg sjølvstendig liv.

Kriterier for tildeling

- Oppfyller vilkår i pasient- og brukarrettighetsloven § 2-1 d
- Er under 67 år, og har behov for hjelp meir enn 25 timer per veke
- Langvarig funksjonsnedsetting med behov for bistandsbehov i kvardagen, der det er forein-leg med eit samla tenestetilbod
- Har samansette og omfattande behov for tenester, uavhengig av diagnose
- Det er eit krav ar arbeidsledarrolla blir forsvarleg teken hand om av tenestemottakar. Alternativt at du har ein person som kan fungere som medarbeidsleiar

Praktiske opplysningar

- BPA er ei alternativ organisering av praktisk og personleg hjelp for personar med nedsett funksjonsevne med stort behov for bistand i daglelivet.
- [Rundskriv BPA](#)
- [Opplæringshåndbok brukstyrt personlig assistanse BPA](#)
- Dersom det inngår element av helsehjelp i ordninga stillast det krav til dokumentasjon og forsvarleg bistand frå heimetenesta
- Det skal leggjast stor vekt på kven brukar ynskjer som personleg assistent.
- Brukaren skal kunne organisere teneste ut i frå eigne behov, og ha færre tilsette å halde seg til.
- Om tenestemottakar blir lagt inn på sjukehus eller institusjon blir tenesta normalt sett på midlertidig opphør umiddelbart. Det er ikkje høve til å samle opp timer ved midlertidig opphør.

Forventningar til tenesteytar

- Hjelpebehovet blir fortløpande vurdert og vedtaket blir endra i takt med dette
- Tenesta skal revurderast minimum ein gong per år
- Herøy kommune har konsesjonsavtale med private leverandører. Du skal få informasjon og bistand til å skaffe BPA frå ønska leverandør
- Årleg tilsynskontroll av ordninga md tenestemottakar og leverandør

Tenesta inkluderer ikkje:

- Timar til reingjering i bustaden. Det er eigenbetaling for den delen som omhandlar praktisk bistand til daglege gjeremål.

Forventningar til tenestemottakar/pårørande

- Arbeidsleiar signerer avtale med kommune og leverandør om ansvarsfordeling og oppgåver
- Arbeidsleiar disponerer tildelte timar i tråd med rammer i vedtak og lova sitt formål
- Er tilstade når assistenten kjem. Dersom den som skal ta imot hjelp ikkje er heime på avtala tid, må assistent varslast så snart som mogleg
- Heimen er tilrettelagt for at assistenten skal ha eit godt arbeidsmiljø, og eventuelt tek initiativ til eller tek i mot hjelp til utbetring av bustad

Merknad

[Meir informasjon finn du på nettsida til kommunen.](#)

Støttekontakt

Lovgrunnlag

- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2 punkt 6 bokstav b](#)
- [Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1](#)

Rett til klage

Du har rett til å klage etter [Lov om pasient - og brukerrettigheter §7-2.](#)

Kostnad

Tenesta er gratis

Mål for tenesta

Skal medverke til å auke brukaren si oppleveling av livskvalitet gjennom samvær med andre og bidra til å få ei meiningsfull fritid. Det skal vere stor grad av brukarmedverknad og brukarstyring.

Kriterier for tildeling

- Personar som har funksjonsnedsetjingar, psykiske utfordringar, rusproblem, eller sosiale utfordringar
- Lite, eller ikkje eksisterande nettverk i nærområdet
- Lite mobil på eigenhand
- Behovet for støttekontakt må innebere ei form for aktivisering
- Eksisterande frivillige og kommunale tilbod skal være prøvd ut

Praktiske opplysningar

- Stimulere til sosial aktivitet
- Medverke til nettverksbygging
- Skape glede gjennom samhandling
- Auke fysisk og psykisk livskvalitet
- Dekning av kilometergodtgjersle byggjer på ei individuell kartlegging av søker sine behov, og det som er heilt naudsynt for å nå målsettinga med tenesta.
- For bebuar med heildøgnsbemannning/institusjonsopphald blir det gjort ein individuell vurdering om vedtaket skal avsluttast
- Ved midlertidig opphøyr, til dømes ved sjukehusopphald eller ferie, vil tildelte timer falle bort
- Det kan vere vanskeleg å rekruttere støttekontakter. Dersom du sjølv har forslag til personar, set vi pris på det

Forventningar til tenesteytar

- Opptrer respektfullt i møte med tenestemottakar
- Gir teneste i tråd med vedtak og kontrakt
- Gjev melding til tenestemottakar om ein ikkje kan møte til avtalen

Tenesta inkluderer ikkje:

- Nære familiemedlemmar skal ikkje være støttekontakt
- Støttekontakt vert ikkje tildelt til gjeremål som for eksempel handling.

Forventningar til tenestemottakar

- Gir beskjed snarast mogleg om det skulle oppstå akutte situasjonar som gjer at du ikkje kan ta i mot støttekontakta
- Er tilstades når støttekontakt kjem, og er deltagande i aktiviteten
- Køyring utover tildelt køyregodtgjerdslle i kommunalt vedtak betalar tenestemottakar sjølv.
Herøy kommune tilrår at tenestemottakar betalar kilometergodtgjersle etter Statens satsar

Merknad

[Meir informasjon finn du på nettsida til kommunen.](#)

Helsetenester i heimen (heimesjuke-

Lovgrunnlag

- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3–2](#) nr. 6 bokstav a
- [Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2–1](#)

Rett til klage

Du har rett til å klage etter [Lov om pasient - og brukerrettigheter §7-2](#).

Kostnad

Tenesta er gratis

Mål for tenesta

Førebygge, behandle og legge til rette for meistring av sjukdom, skade, liding og nedsett funksjonsevne.

Kriterier for tildeling

- Tenesta blir tildelt personar som bur eller oppheld seg i kommunen og som oppfyller kriteria for å få nødvendig helsehjelp.
- Heilt eller delvis ha behov for hjelp til å ivareta eiga helse
- Planlegg du ferie i kommunen er det ønskeleg at du søker om tenester i god tid før du kjem.

Praktiske opplysningar

- Døgnteneste som blir gitt til akutt og kronisk sjuke, utan omsyn til alder og økonomi, som bur eller har mellombels opphold i kommunen.
- Dei utfører dei oppgåvane som brukar ikkje klarer sjølv, til dømes:
 - Naudsynt bistand til personleg hygiene. Dusj inntil 4 ganger i månaden.
 - Hjelp til ernæring
 - Legemiddelhandtering
 - Rådgjeving og tilrettelegging i forhold til sjukdom og førebygging
 - Opplæring og vedlikehald av ferdighet for å ivareta eiga helse
 - Pleie av alvorleg sjuke og døyande
 - Der brukar ikkje kan oppsøke helsesenteret kan heimesjukepleia også gi anna hjelp, til dømes sårbehandling, injeksjon og blodprøver
- Alle som har helsetenester i heimen 1 gong per vike i 3 månader eller meir, har rett til gratis, nødvendig tannbehandling, i samsvar med lov om tannhelsetenester. Heimesjukepleia pliktar å informere brukar om dette

Forventningar til tenesteytar

- Tenesteytar gir beskjed så snart som råd om avtalar må endrast
- Tilrettelegging av tre måltid pr. døgn, inkl. tørrmat, eventuelt i samarbeid med heimehjelp/miljøarbeidar. Gjeld om du har vedtak på tilrettelegging av måltid.
- Tilrettelegging av eit varmt måltid pr. døgn. Dette gjeld ferdigproduserte middagar eller tildelt matombering Gjeld om du har vedtak på tilrettelegging av måltid.
- Hovudtyngda av bistand til personleg hygiene om morgonen og hjelp til å stå opp er definert mellom kl. 08.00 og 11.00
- Hovudtyngda av bistand til hjelp til personleg hygiene om kvelden, og legge seg er definert mellom kl. 19.00 og 22.00
- Hjelp til å ivareta personleg hygiene
- Hjelp til å kome på toalettet
- At tenestemottakar og pårørande sine ynskje for kvar dei ønskjer avslutte livet sine siste dagar, skal imøtekomaast så langt som råd er. Av kapasitetsomsyn kan det bli nødvendig å tilby institusjonsopphald
- Hjelphemidler i heimen
- Velferdsteknologi er ein del av tilbodet, og kan erstatte besøk

Tenesta inkluderer ikkje:

- Vi tilbyr ikkje følge til timeavtalar til dømes lege, tannlege og frisør.

Forventningar til tenestemottakar

- Er tilstades når tenesteytar kjem
- Deltek i den grad du greier det sjølv
- Dersom tenestemottakar ikkje er heime på avtala tid, må heimetenesta varslast så snart som mogleg
- Samarbeider ved tilrettelegging av hjelphemiddel i heimen for å ivareta god helsehjelp og for å ivareta arbeidsmiljøet til tenesteytar

Merknad

[Meir informasjon finn du på nettsida til kommunen.](#)

Psykisk helse og rus

Lovgrunnlag

- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3–2](#) nr. 6 bokstav a
- [Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2–1](#)

Rett til klage

Du har rett til å klage etter [Lov om pasient – og brukerrettigheter §7–2](#).

Kostnad

Tenesta er gratis

Mål for tenesta

Fokus på at mennesket i størst mogleg grad skal kunne meistre eige liv, og oppleve verdighet. Tenesta skal bidra til å skape gode levekår for menneske som har behov for helsehjelp innan området rus og psykisk helse, ved å formidle tru på betring, mogleghet til å ta eigne val og påverke eige liv.

Kriterier for tildeling

- Utfordringar knytt til psykisk helse eller rus
- Tenestemottakar er i krise eller i sorg
- Pårørande til nokon med psykisk helse – og/eller rusutfordringar

Praktiske opplysninger

- Teneste til menneske med psykiske- og/eller rusutfordringar, menneske i krise og sorg, og til pårørande.
- Tilvising frå lege, spesialisthelsetenesta eller ved å ta direkte kontakt med tenesta.
- Tenesta vert utført kvardagar mellom 08.00–16.00, med unntak av helg og høgtidsdagar
- Tenesta har også kommunepsykolog.
- Eksempel på innhald i tenesta kan vere:
 - Førebyggjande arbeid
 - Koordinering av tenester og eventuelt utarbeiding av individuell plan
 - Støttesamtalar
 - Kartleggingsarbeid
 - Nettverksbygging
 - Aktivisering
 - Strukturering av kvardagen
 - Tvangsvedtak rus
 - Oppfølging av gravide rusmisbrukarar
 - Samhandling med andre instansar

Forventningar til tenesteytar

- Respekt og tillit
- Teieplikt
- Fast kontaktperson så langt det let seg gjere
- Kontakt innan tre veker etter mottatt søknad
- Individuell oppfølging som skildra i enkeltvedtaket
- At tenesta tenkjer familie og nettverk
- At tenesta held avtaler

Tenesta inkluderer ikkje:

- Akutt hjelp
- Transport

Forventningar til tenestemottakar/føresette

- Har eit eigendefinert ønske om hjelp
- Held avtalar
- Gir beskjed i god tid dersom du blir hindra i å møte

Merkand

[Meir informasjon finn du på nettsida til kommunen.](#)

Demens- og psykiatriteamet

Lovgrunnlag

Dette er ikkje ei lovpålagt teneste

Rett til klage

Du har rett til å klage etter [Lov om pasient - og brukerrettigheter §7-2.](#)

Kostnad

Tenesta er gratis

Mål for tenesta

Tenestemottakar skal oppleve å få ein betre kvardag med auka livskvalitet.

Kriterier for tildeling

- Utfordringar knytt til alderspsykiatri
- Tenestemottakar har demenssjukdom eller er under utredning
- Pårørande til nokon med demenssjukdom, eller ein person med alderspsykiatriske utfor- dringar

Praktiske opplysningar

- Tenesta tilbyr oppfølging, utredning for demens i samarbeid med lege, kartlegging og/eller samtaletid på dagtid
- Dei kan også gi råd og rettleiing til pårørande
- Tenesta vert utført kvardagar mellom 08.00-16.00, med unntak av helg og høgtidsdagar

Forventningar til tenesteytar

- Respekt og tillit
- Teieplikt
- Fast kontaktperson så langt det let seg gjere
- Individuell oppfølging som skildra i enkeltvedtaket
- At tenesta held avtalar

Forventningar til tenestemottakar/føresette

- Tenestemottakar held avtalar
- Det blir gitt beskjed i god tid dersom du blir hindra i å møte

Merkand

[Meir informasjon finn du på nettsida til kommunen.](#)

Avlasting

Avlasting barn

Lovgrunnlag

- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3–6 punkt 2.](#)
- [Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1](#)

Rett til klage

Du har rett til å klage etter [Lov om pasient - og brukerrettigheter § 7-2.](#)

Kostnad

Tenesta er gratis

Mål for tenesta

- Omsorgsytar skal få avlasting frå sine daglege omsorgsoppgåver
- For å klare å halde fram med omsorgsoppgåva.
- Avlasting tek også sikte på å sikre nødvendig kvile, ferie og fritid for pårørande med omfattande omsorgsoppgåver.

Kriterier for tildeling

- Føresette og familiær har særleg tyngande helse- og omsorgsoppgåver over tid
- Omsorgsbehovet er slik at den hjelpe trengende ikke kan vere alene heile eller deler av døgnet, og som gir omsorgsytar avgrensa moglegheit for nødvendig og regelmessig ferie og fritid
- Omsorgsbehovet er av fysisk, psykisk eller sosial karakter, og langt større enn det som er normalt å forvente ut frå barnet sin alder

Praktiske opplysninger

- Avlasting kan bli gitt i heimen til barnet, i andre privat eller i institusjon
- Tildeling av avlasting vert vurdert opp mot andre tenester og tiltak frå kommunen
- Avlastningstilbodet gjeld i utgangspunktet ikke på høgtidsdagar.
- Sommaravlastning søker fortinnsvis om innan 01.03 kvart år
- Ved behov for avlasting utover det som ligg i vedtaket må føresette søkje særskild om dette. Til dømes feriestengd skule eller barnehage
- Barnet må ha med nødvendig personleg utstyr, klede, sko, medisinar, hjelpemiddel m.m. når dei skal på avlasting. Medisin blir lagt og sjekka av autorisert helsepersonell på avlastninga. Vi tek ikke imot ferdig lagde dosettar. Ein kan ikke levere medisin til personale som ikke er autorisert.
- Som hovudregel skal forsørgjar hente og levere barnet til avlastning eller at det er direkte transport frå skule eller dagtilbod

Forventningar til tenesteytar

- Enkeltvedtak oppgir tidspunkt for når avlasting skal skje
- For avlasting i privat heim: kommunen inngår avtale med avlastar og er ansvarleg for betaling av godtgjersle
- Opptrer på ein respektfull måte ovanfor barn og foreldre
- Utarbeider tidfesta plan for avlasting
- Utpeiker kontaktperson eller primærkontakt til barnet

Tenesta inkluderer ikkje:

- Utgifter til aktivitetar som t.d. bowling, kino, bading etc. Det kan difor vere greitt at barnet har med litt «lommepengar», ungdomskort, følgjekort, TT-kort mm. for å ha høve til å delta på slike aktivitetar i samband med avlastinga.
- Vedtak om avlasting skal skje på avlastinga. Det er ikkje lagt opp til at ein fyl på arrangement utanfor kommunen.

Forventningar til tenestemottakar/pårørande

- At den omsorgstrengande har med seg nødvendig personleg utstyr, medisin og hjelpe-middel som blir nytta dagleg, ved opphold i institusjon
- Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket
- Gjev beskjed så snart som råd dersom barnet ikkje kjem til avtalt tid. Bringar og hentar barnet til rett tid. Dersom ein søker om utvida teneste, må ein må nytte vedtak ein har tildelt i si heilheit.
- Sørger for transport til/frå avlasting (om ikkje anna er avtalt med tenesteytar), inkludert transport av nødvendig utstyr

Merkand

[Meir informasjon finn du på nettsida til kommunen.](#)

Avlasting i institusjon eller heildøgnsbemanna bustad

Lovgrunnlag

- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3–6 punkt 2.](#)
- [Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1](#)

Rett til klage

Du har rett til å klage etter [Lov om pasient - og brukerrettigheter § 7-2](#).

Kostnad

Tenesta er gratis

Mål for tenesta

- Omsorgsytar skal få avlasting frå sine daglege omsorgsoppgåver.
- Avlasting tek også sikte på å sikre nødvendig kvile, ferie og fritid for pårørande med omfattande omsorgsoppgåver.

Kriterier for tildeling

- Særleg tyngande helse- og omsorgsoppgåver over tid
- Omsorgsbehovet er slik at den hjelptrengande ikkje kan vere aleine heile eller deler av døgnet, og som gir omsorgsytar avgrensa moglegheit for nødvendig og regelmessig ferie og fritid

Praktiske opplysningar

- Tenesta omfattar tidsavgrensa opphold for den som er hjelptrengande, og inneholder pleie og omsorg
- Den som skal på avlastingsopphold må ha med seg nødvendig personleg utstyr, medisin/multidose, tekniske hjelpemiddel og medisinsk forbruksmateriell
- Avlasting kan bli gitt som dagtilbod, som til dømes ved Blåtunet dagaktivitetssenter. Sjå meir omtale under punkt 2.3
- Tenestemottakar er ansvarleg for transport til/frå avlastingsopphaldet
- Dersom tenestemottakar er avhengig av å reise med drosje til/frå avlastingsopphaldet kan det bestillast transport via Pasientreiser. Helsepersonell kan hjelpe til å bestille
- Eigenandel til transport mellom kommune og spesialisthelseteneste betalar innbyggjar sjølv, opp til beløpet for frikortordninga

Forventningar til tenesteytar

- Opptrer på ein respektfull måte
- Legg til rette for at tenestemottakar får pleie og omsorg som støttar opp under eigenomsorg og eigne ressursar

Tenesta inkluderer ikkje:

- Oppfølging frå sjukeheimslege. Ved behov for lege må fastlege eller legevakt nyttast og betalast av tenestemottakar
- Tilsyn av fysio/ergo. Tenestemottakar må nytte institutt
- Vask av private kle
- Medisin og anna medisinsk forbruksmateriell
- Transport til tannlege, lege, spesialisthelsetenesta

Forventningar til tenestemottakar/pårørande

- Har med nødvendig personleg utstyr, medisin og hjelpemiddel
- Sørgjer for at private klede er merka med namn
- Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket

Merkand

[Meir informasjon finn du på nettsida til kommunen.](#)

Omsorgsstønad

Lovgrunnlag

- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3–6](#)
- [Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2–1](#)

Rett til klage

Du har rett til å klage etter:

[Lov om pasient – og brukerrettigheter § 7–2](#)

[Rundskriv omsorgsløn I-42/98](#)

Kostnad

Tenesta er gratis

Mål for tenesta

- Omsorgsstønad er eit pårørandestøttetiltak som skal bidra til gode rammer for privat omsorg og gjere det mogleg for private omsorgsytarar å halde fram med omsorgsarbeidet
- Omsorgsstønad er meint å gje ein økonomisk kompensasjon for det omsorgsarbeidet den private omsorgsytaren gjer, og kan gis i kombinasjon med eller i staden for andre helse- og omsorgstenester

Kriterier for tildeling

- Særleg tyngande omsorgsoppgåver i 2 år eller meir, som er meir fysisk eller psykisk belastande enn det vi antek er normalt
- Moment som vert tatt omsyn i vurderinga om omsorgsarbeidet er særleg tyngjande:
 - Omfanget av arbeidet
 - Fysisk og/eller psykisk belastning
 - Varighet, fordeling over tid og når på døgnet
 - Omsorgsytar si livs-, arbeids- og familiesituasjon
 - Omsorgsplikt
 - Inntektstap er ikkje eit vilkår for å få omsorgsstønad
- Foreldre har omsorgsplikt for mindreårige barn. Det kan vere aktuelt med omsorgsstønad dersom det er tydeleg at omsorga overskrid vanleg omsorg for barn på same alder
- For at omsorgsstønad skal tildelast, må både kommunen og den som har behov for tenestene vurdere omsorgsytar si omsorgsevne som mest tenleg og nødvendig
- Det må vere søkt om hjelpestønad frå NAV
- Omsorgsstønad må vurderast opp mot andre tenester og tiltak

Praktiske opplysningar

- Omsorgsstønad er ei økonomisk godtgjersle til den som yter omsorg til nære pårørande eller andre
- Kommunen kan tilby anna hjelp dersom det er vurdert som ei betre løysing for brukare
- Omsorgsstønad tek ikkje sikte på å godtgjere den som yt omsorg time for time, men er ein kompensasjon for meirarbeidet som vert gjort.
- Etter ei individuell vurdering kan minste satsen på hjelpestønad bli trekt i frå omsorgsstønaden
- Omsorgsstønad tek slutt umiddelbart og utan skriftleg varsel når behovet til omsorgsmottakar blir borte
- Omsorgsstønad kan midlertidig opphøyre om behovet for ein periode fell vekk, til dømes ved avlastningsopphald, innleggelse i institusjon eller sjukehus
- Timesats for omsorgsstønad er lik begynnarløn for assistenter
- Avtale om omsorgsstønad gjev ikkje rett til feriepengar eller løn under sjukdom

Forventningar til tenesteytar

Vedtak og avtale om omsorgsstønad vert revurdert innan fristen som er satt for dette.

Forventningar til tenestemottakar/pårørande

- Gi nødvendig informasjon og samtykke til å innhente relevante opplysningar for vurdering og tildeling av teneste
- Søkjer om hjelpestønad frå NAV samtidig som du søker om omsorgsstønad, og skal helst ligge føre før søknad om omsorgsstønad vert handsama.
- Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket
- Mottakar av omsorgsstønad pliktar å informere kommunen om slike forhold og melde ifrå dersom hjelpebehovet blir endra

Merkand

Meir informasjon finn du på nettsida til kommunen.

Kvardagsrehabilitering

Lovgrunnlag

- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2, 5. ledd](#)
- [Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1](#)

Rett til klage

Du har rett til å klage etter [Lov om pasient - og brukerrettigheter § 7-2.](#)

Kostnad

Tenesta er gratis.

Mål for tenesta

- Målet er auka livskvalitet og meistring i eige liv
- Ein jobbar for at du skal gjenvinne og behalde ditt funksjonsnivå, meistre kvardagen og delta i fellesskapet.

Kriterier for tildeling

- Du ynskjer å vere aktiv og bu heime
- Du opplever ein reduksjon i funksjonsnivå, eller har risiko for å miste funksjon
- Du søker helse- og omsorgstenester for fyrste gong, eller søker om meir teneste
- Du opplever utfordringar i kvardagen etter sjukdom/skade
- Du er motivert til å gjere noko med eigen situasjon og kan aktivt ta del i å utforme mål for rehabiliteringsperioden
- Du kan følgje instruksjon og sjølvstendig følgje opp tilpassa eigentreningssprogram
- Trening må kunne utførast i heimen og/eller nærmiljøet
- Det er tverrfagleg vurdert at du har rehabiliteringspotensiale

Praktiske opplysningar

- Kvardagsrehabilitering er intensiv og tidsavgrensa trening i dagelege gjeremål i eigen heim
- Eit tverrfagleg team med ergoterapeut, fysioterapeut og sjukepleiar gjer ei systematisk kartlegging, og det blir i samarbeid med deg utarbeida mål som du synes er viktige å meistre i din kvardag
- Teamet og andre teneste vil ilag med deg samarbeide om å nå disse måla

Forventningar til tenesteytar

- Vi kjem heim til deg og vil saman med deg trenere på det du synest er viktig å meistre i kvardagen
- For å oppnå dette jobbar vi intensivt saman med deg i ei avtalt tidsperiode
- Evaluering av framgang og justering av mål vil skje undervegs
- Tenesta skal ytast med respekt for din livssituasjon og heim

Tenesta inkluderer ikkje:

- spesialisert rehabilitering til dømes opptrening etter hjerneslag
- spesifikk fysioterapibehandling som til dømes opptrening etter operasjon og beinbrot
- spesifikk ergoterapi til dømes kognetiv opptrening

Forventningar til tenestemottakar/føresette

- Er motivert til å gjere ein innsats for å vinne att aktivitetar du tidlegare meistra, slik at du i størst mogleg grad kan fortsette å vere aktiv i eige liv - i eigen heim.

Merknad

[Meir informasjon finn du på nettsida til kommunen.](#)

Opphold i institusjon

Korttidsopphold i institusjon

Lovgrunnlag

- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2 nr. 6 bokstav c](#)
- [Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1](#)

Rett til klage

Du har rett til å klage etter [Lov om pasient - og brukerrettigheter § 7-2.](#)

Kostnad

- Ein døgnpris og satsen står i enkeltvedtaket
- Satsane blir justert årleg i rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet
- Når eit korttidsopphold varer over 60 døgn vert betalinga som om det er langtidsopphold

Mål for tenesta

- Formålet med opphaldet er å kartlegge brukar sitt funksjonsnivå og evne til eigenomsorg, samt vurdere behovet for framtidige tenester for at brukar skal kunne halde fram å bu i eigen bustad
- Medisinsk behandling der det ikkje er forsvarleg å utføre i heimen
- Opptrening etter brot
- Oppretthalde, eventuelt auke funksjonsnivå

Kriterier for tildeling

- Personar med samtykkekompetanse må sjølv ønske tenesta
- Tildeling skjer etter kartlegging av ADL, fagleg og individuell vurdering med bakgrunn i:
 - Kartlegging av ADL (aktivitetar i dagleidlivet) må ligge til grunn
 - Tenestemottakar skal skrivast ut frå sjukehus, og kommunen vurderer at det er naudsynt med eit opphold før heimreise
 - Behov for medisinsk behandling, opptrening og mobilisering
 - Behov for eit tidsavgrensa, omfattande hjelpebehov der ein ikkje kan gje forsvarleg helsehjelp i heimen
 - Behov for kartlegging og vurdering av hjelpebehov for å planlegge forsvarleg tenestetilbod vidare
 - Behov for terminalpleie og palliativ behandling

Praktiske opplysningar

- Korttidsopphold er ei teneste for personar som treng døgnkontinuerleg medisinsk tilsyn og omsorg for ei kortare periode

-
- Eigenbetalinga dekkjer kost, losji og legemiddel under opphaldet
 - Tenestemottakar får oppfølging frå sjukeheimslege ved behov
 - Vurdering frå fysioterapeut og ergoterapeut blir gitt ved behov
 - I forbindelse med kartlegging kan det vere behov for utføring av diverse testar
 - Velferdsteknologi er ein del av tilbodet
 - Tenestemottakar må ha med nødvendig personleg utstyr, klede og toalettsaker
 - Samarbeidsmøte med ulike instansar, pårørande og tenestemottakar ved behov
 - Tenestemottakar må ha med tekniske hjelpemiddel dersom eininga ikkje har dette tilgjengeleg
 - Pårørande skal som hovudregel følgje til kontrolltimar på sjukehus, tannlegetimar o.l.
 - Private klede kan vaskast her, dersom dei er merka
 - Det kan gjennomførast heimebesøk tidleg i opphaldet for å kartlegge og tilrettelegging av bustad
 - Det kan verte aktuelt å dele rom med anna pasient.
 - Transport blir bestilt via pasientreiser til korttidsophaldet. Ved utreise er tenestemottakar ansvarleg for transport sjølv
 - Eigenandel til transport mellom kommune og spesialisthelseteneste betalar innbyggjar sjølv, opp til beløpet for frikortordninga

Forventningar til tenesteytar

- Skal opptre på ein respektfull måte
- Skal legge til rette for at tenestemottakar får pleie og omsorg som støttar opp under eigenomsorg og eigne ressursar

Tenesta inkluderer ikkje:

- Telefonutgifter og avisabonnement
- Frisør
- Fotpleie
- Andre velværebehandlingar
- Klede
- Hygieneprodukt utover det institusjonen tilbyr
- Privat tannlege og fastlegetimar
- Briller og høyreapparat

Forventningar til tenestemottakar/pårørande

- Tenestemottakar tek ansvar for personlege verdisaker under opphaldet
- Private klede vert merka. Øydelagde klede blir ikkje erstatta
- Det vert tatt omsyn til andre bebuarar under opphaldet
- Tenestemottakar, pårørande og tenesteytar samarbeider saman rundt målsetjing med opphaldet

Merknad

[Meir informasjon finn du på nettsida til kommunen.](#)

Midlertidig opphold i møblert omsorgsbustad med delvis bemanning

Lovgrunnlag

- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2 a](#)

Rett til klage

Du har rett til å klage etter [Lov om pasient - og brukerrettigheter § 7-2](#).

Kostnad

Kostnad per døgn. Gjeldande sats står i vedtaket.

Mål for tenesta

- Personellet ved omsorgsbustaden skal leggje til rette for at brukaren så raskt som mogleg blir i stand til å meistre kvardagen og kan reise heim

Kriterier for tildeling

- Opphold i delvis bemanna møblert bustad er eit tilbod til personar som blir fagleg vurdert til å ha behov for tilsyn og omsorg for ei kortare periode, der det ikkje er forsvarleg å gi dette i heimen
- Opphold kan også bli gitt som avlastingstilbod
- Personen må kunne tilkalle hjelp sjølv via tryggleiksalarm

Praktiske opplysningar

- Tilbod til personar med akutt og kortvarig behov for bustad med tilsyn, og som ikkje har behov for oppfølging i institusjon
- Velferdsteknologi er ein del av tilboden
- Eigenbetalingsatsen varierer for dei ulike bustadane, og vert opplyst om i vedtaket
- Tilboden blir gitt for ei kort periode, og kan etter individuell vurdering bli forlenga
- Du søker om tenester i bustaden, som til dømes matombering og praktisk bistand
- Eigenandel til transport mellom kommune og spesialisthelseteneste betalar innbyggjar sjølv, opp til beløpet for frikortordninga
- Du må ha tørrmat sjølv, men kan få kjøpe middag frå kjøkenet
- Det er ikkje tilbod om følgje til timeavtalar

Tenesta inkluderer ikkje:

- Tilsyn av sjukeheimslege
- Handling

Merkand

[Meir informasjon finn du på nettsida til kommunen.](#)

Langtidsopphald i institusjon

Lovgrunnlag

- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester §3-2 nr. 6 bokstav c og § 3-2 a.](#)
- [Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1](#)
- [Forskrift om tildeling av langtidsopphold og helse- og omsorgstjenester i institusjon](#)

Rett til klage

Du har rett til å klage etter [Lov om pasient - og brukerrettigheter § 7-2](#).

Kostnad

- Ja. Vederlag i samsvar med forskrift om vederlag i institusjon. [Forskrift I-47/98 – vederlag for opphold i institusjon](#)

Mål for tenesta

- Gjennom tildelt langtidsopphald vil tenestemottakar få personleg og praktisk hjelp i tillegg til medisinsk behandling og pleie i samband med sjukdomsutvikling
- Opphaldet skal sikre forsvarleg helsehjelp

Kriterier for tildeling

Langtidsopphald tildelast ut i frå ei fagleg forsvarleg vurdering:

- Har hatt korttidsopphald for å kartlegge ADL, vurdere hjelpebehov og meistringsnivå
- Alle andre tenester er prøvd ut og vurdert å ikkje vere tenleg eller forsvarleg

Praktiske opplysningar

- Langtidsopphald i sjukeheim inneber eit døgnkontinuerleg pleie- og omsorgstilbod som ikkje er tidsavgrensa
- Regelmessig tilsyn av tilsynslege og etter behov
- Kontakt med spesialisthelseteneste og tannhelseteneste etter behov
- Tilbod om fysio- og ergoterapeutteneste etter individuell vurdering
- Etter ei fagleg vurdering kan omsorgsnivået endrast
- Vederlag for opphaldet skal omfatte kost, losji, nødvendig tannbehandling, medisin med meir, samt helsetenester som kommunen organiserer etter helse- og omsorgstenestelova § 3-1.
- Tenestemottakar som har rett til langtidsopphald i institusjon eller bustad med heildøgns pleie- og omsorgsteneste kan bli sett på venteliste dersom det ikkje er plass (jf. forskrift om venteliste)
- Tenester som kommunen ikkje har ansvar for, som behandling i spesialisthelsetenesten, inklusive reise til og frå, må du betale eigenandel for
- Transport til tannlege eller andre avtalar kan personale følge når pårørande ikkje har høve til å følge

-
- Dersom pårørande ønsker å ta tenestemottakar heim for ei kortare periode og det er behov for helsetenester i form av hjelp til personleg hygiene og medisinsk oppfølging utover det familien sjølv klarer, må det utarbeidast ein avtale god tid i førevegen
 - Velferdsteknologi er ein del av tilbodet

Forventningar til tenesteytar

- Alle med langtidsopphald i sjukeheim har rett til gratis, nødvendig tannbehandling, i samsvar med lov om tannhelsetenester
- Tilbodet vert revurdert ved endring av funksjonsnivå

Tenesta inkluderer ikkje:

Kostnadar/utgifter som ikkje inngår i vederlaget:

- Telefonutgifter og avisabonnement
- Frisør
- Fotpleie
- Andre velværebehandlingar
- Klede
- Hygieneprodukt utover det institusjonen tilbyr
- Privat tannlege og fastlegetimar
- Briller og høyreapparat

Forventningar til tenestemottakar/pårørande

- Gir nødvendige opplysningar i samband med vederlagsbereking
- Tek ansvar for personlege verdisaker i sjukeheimen
- Private klede er merka
- Vedtaket kan bli endra ved endring av funksjonsnivå

Merkand

[Meir informasjon finn du på nettsida til kommunen.](#)

Skjerma seksjon

Lovgrunnlag

- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester §3-2 nr. 6 bokstav c og § 3-2 a.](#)
- [Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1](#)
- [Forskrift om tildeling av langtidsopphold og helse- og omsorgstjenester i institusjon](#)

Rett til klage

Du har rett til å klage etter [Lov om pasient - og brukerrettigheter § 7-2](#).

Kostnad

- Ja. Vederlag i samsvar med forskrift om vederlag i institusjon. [Forskrift I-47/98 – vederlag for opphold i institusjon](#)

Mål for tenesta

- Gjennom tildelt langtidsopphold vil tenestemottakar få personleg og praktisk hjelp i tillegg til medisinsk behandling og pleie i samband med sjukdomsutvikling
- Opphaldet skal sikre forsvarleg helsehjelp

Kriterier for tildeling

- Har uroleg åtferd som er ukontrollerbar eller sterkt sjenerande for andre bebuarar
- Har tendens til å ville forlate buforma utan å vere i stand til å ta vare på seg sjølv eller finne vegen tilbake
- Behov for miljøterapeutisk tilrettelegging er større enn behovet for pleie
- Andre tilhøve som kan vere årsak til personen sine problem skal vere ekskludert
- Andre aktuelle tiltak skal vere prøvd

Praktiske opplysningar

Særskilt for skjerma seksjon:

- Skjerma seksjon skal vere eit tilbod for personar som har fysisk uro og/eller åtferd som gjer at dei sjølve treng skjerming
- Det kan vere sjenerande verbal eller fysisk åtferd, som personen ikkje klarer å kontrollere, men som miljøet registrerer
- Sekundært medfører dette at personen ikkje evnar å vere seg sjølv, og ofte framtrer på ein måte som er svært ulikt tidlegare åtferd
- Retningslinjene skal sikre at den spesielle ressursen, og kompetansen som skjerma avdeling har, vert nytta etter hensikt
- Tilbodet vert revurdert ved endring av funksjonsnivå

Generelt for langtidsopphald:

- Langtidsopphald i sjukeheim inneber eit døgnkontinuerleg pleie- og omsorgstilbod som ikkje er tidsavgrensa
- Regelmessig tilsyn av tilsynslege og etter behov
- Kontakt med spesialisthelseteneste og tannhelseteneste etter behov
- Tilbod om fysio- og ergoterapeutteneste etter individuell vurdering
- Etter ei fagleg vurdering kan omsorgsnivået endrast
- Vederlag for opphaldet skal omfatte kost, losji, nødvendig tannbehandling, medisin med meir, samt helsetenester som kommunen organiserer etter helse- og omsorgstenestelova § 3-1.
- Tenestemottakar som har rett til langtidsopphald i institusjon eller bustad med heildøgns pleie- og omsorgsteneste kan bli sett på venteliste dersom det ikkje er plass (jf. forskrift om venteliste)
- Tenester som kommunen ikkje har ansvar for, som behandling i spesialisthelsetenesten, inklusive reise til og frå, må du betale eigenandel for
- Dersom pårørande ønsker å ta tenestemottakar heim for ei kortare periode og det er behov for helsetenester i form av hjelp til personleg hygiene og medisinsk oppfølging utover det familien sjølv klarer, må det utarbeidast ein avtale god tid i førevegen
- Velferdsteknologi er ein del av tilboden

Forventningar til tenesteytar

- Alle med langtidsopphald i sjukeheim har rett til gratis, nødvendig tannbehandling, i samsvar med lov om tannhelsetenester
- Tilboden vert revurdert ved endring av funksjonsnivå

Tenesta inkluderer ikkje:

Kostnadar/utgifter som ikkje inngår i vederlaget:

- Telefonutgifter og avisabonnement
- Frisør
- Fotpleie
- Andre velværebehandlingar
- Klede
- Hygieneprodukt utover det institusjonen tilbyr
- Privat tannlege og fastlegetimar
- Briller og høyreapparat

Forventningar til tenestemottakar/pårørande

- Gir nødvendige opplysningar i samband med vederlagsbereking
- Tek ansvar for personlege verdisaker i sjukeheimen
- Private klede er merka
- Vedtaket kan bli endra ved endring av funksjonsnivå

Individuell plan og koordinator

Lovgrunnlag

- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 7-1, § 7-2, § 7-2 bokstav a og § 7-3.](#)
- [Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1](#)
- [Forskrift om habilitering, rehabilitering og koordinator § 16](#)
- [Forskrift om individuell plan ved ytelse av velferdstjenester § 3](#)

Rett til klage

Du har rett til å klage etter [Lov om pasient - og brukerrettigheter § 7-2.](#)

Kostnad

Ingen eigenbetaling

Mål for tenesta

Målsettinga med individuell plan og koordinator er at tenestemottakar skal oppleve tenestetilbodet som meir samordna, og at det er ein fast kontaktperson i hjelpeapparatet.

Kriterier for tildeling

- Bur i Herøy kommune
- Har langvarige og koordinerte tenester
- Samtykker til at det vert utarbeida individuell plan

Praktiske opplysningar

- Dersom tenestemottakar har behov for langvarige og koordinerte tenester skal koordinerande eining i kommunen tilby koordinator
- Koordinatoren skal sørge for nødvendig oppfølging i tillegg til å sikre samordning av tenestetilbodet og framdrift i arbeidet med individuell plan
- Kommunen skal samarbeide med andre tenesteytarar om planen for å bidra til et heilsakleg tilbod for den einskilde innbyggjar
- Ein individuell plan er eit samarbeidsdokument som kan bidra til eit meir heilsakleg tenestetilbod
- Herøy kommune nyttar eit digitalt program for individuell plan, som tenestemottakar, koordinator og eventuelt ansvarsgruppa kan nytte i arbeidet med å utforme planen

Forventningar til tenesteytar

- Vedtak om individuell plan, med informasjon om kven som er koordinator
- Koordinator hjelper deg med å samordne tenestene du har vedtak om
- Koordinator arrangerer ansvarsgruppemøter ved behov, i samråd med deg

Forventningar til tenestemottakar/pårørande

- Gir nødvendige opplysningar til å handsame søknaden
- Medverkar til val av koordinator
- Deltek på ansvarsgruppemøter og samarbeidsmøter saman med koordinator
- Gir tilstrekkeleg fritak frå teieplikta for at fagpersonane kan samarbeid

Merknad

[Meir informasjon finn du på nettsida til kommunen.](#)

Transportteneste for personar med funksjonsnedsettelse (TT-kort)

Lovgrunnlag

TT-ordninga er ei ikkje lovfesta rett om drosje transport til innbyggjarar i [Møre og Romsdal](#), [Møre og Romsdal fylkeskommune har overordna ansvar og har utarbeidd eigne retningslinjer for ordninga](#). Herøy kommune har delegert ansvar for tildeling av tenesta.

Kostnad

Det er eigenandel per tur. Satsen står i vedtaket.

Mål for tenesta

Ordninga skal bidra til at personar med funksjonshemminger skal kunne leve eit så aktivt liv som mogleg.

Kriterier for tildeling

Vilkår for å bli godkjent som TT-brukar

- Må ha ei funksjonsnedsetjing som må vere varig eller vare lenger enn 2 år
- Må vere folkeregistrert i Møre og Romsdal
- Må, på bakgrunn av funksjonsnedsetjinga, vere ute av stand til å nytte offentleg transportmiddel
- Funksjonsnedsetjing etter første punkt er til dømes personar med livslang forflyttingshemming (orienteringsvansk, rørslevvansk/-flyttingsvansk og skjulte funksjonsvansk), rullestolbrukarar og blinde/sterkt svaksynte (sjå WHO sin definisjon på blind/sterkt svaksynt)
- Nedre aldersgrense for brukargodkjenning til TT-ordninga er 10 år

Søkjarar som unntaksvis kan bli godkjende som TT-brukarar

- Søkjar i heildøgns omsorg/institusjon, som elles fyller vilkåra for godkjenning som TT-brukar, kan godkjennast på individuelt grunnlag om søker etter søknad kan dokumentere eit behov for reisetøtte til fritidsreiser, etter vilkåra i punkt 2.1 i retningslinjene
- Søkjar som har eigen bil frå NAV, grunnstønad til transport eller bilstønad etter folketrygdlava eller privat bil kan godkjennast på individuelt grunnlag om søker etter søknad dokumentere eit behov for reisetøtte beløp utover det å ha eigen bil, grunnstønad eller bilstønad etter vilkåra i punkt 2.1 i punkt 2.1 i retningslinjene

Praktiske opplysningar

- Med TT-ordninga kan du få eit tilskot som kan nyttast til transport i valfri drosje
- Får tilsendt eit elektronisk TT-kort som du bruker for å betale drosjeturen
- Korta vert automatisk fylt på med eit tilskot to gonger per år – den 1. januar og den 1.juli
- Vedtak om godkjenning som TT-brukar vert gjeve for ei periode på 2 år frå dato på vedtaket
- For brukarar som har større funksjonsnedsetjing vert det gjeve godkjenning på 5 år frå dato på vedtaket
- Det er avsett avgrensa midlar til TT-ordninga og du kan ikkje søkje om ekstra midlar
- Skal berre nyttast til lokale fritidsreiser
- Det må leggast ved erklæring frå lege som fortel kvifor du har behov for transporttenesta.
- Ordninga blir administrert av avdeling for Service i Herøy kommune

Tenesta inkluderer ikkje:

Sjuketransport, legebesøk, reise til fysioterapi eller andre reiser som blir dekt av folketrygda.

Forventningar til tenestemottakar/føresette

- Tek vare på brukarkortet og erstattar det om det skulle bli borte eller skadd
- Reiser blir bestilt i god tid, og du er reiseklar når transporten kjem og betalar gebyr ved for sein avbestilling

Merkand

- Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon
- Sjå heimesida til Møre og Romsdal fylkeskommune

Følgjekort

Lovgrunnlag

Dette er ikkje ei lovpålagt teneste.

Klage

Ein kan klage. Klage vert handsama avl kommunen sitt klageorgan.

Kostnad

Det er ingen kostnad for tenesta.

Mål for tenesta

Eit verkemiddel for auka deltaking og likestilling i samfunnet ved at personar med funksjonsnedsetjing som har behov for det, får ha med seg følgje utan ekstra kostnadar.

Kriterier for tildeling

- Må ha ei varig funksjonshemmning, minimum 2 år
- For barn under skulealder må det dokumenterast at barnet har større behov for følgje enn det som hadde vore tilfelle dersom barnet ikkje hadde ein funksjonsnedsetjing
- Høg alder åleine er ikkje nok til å kvalifisere for ordninga

Praktiske opplysningar

- [Ledsagerbevis - Veiledede nasjonale retningslinjer](#)
- Har du følgjekort vil personen du har med få fri tilgang til offentlege kultur- og fritidsarrangement og offentlege transportmiddel som du ikkje kan delta på utan følgje
- Enkelte private aktørar for ulike arrangement aksepterer også ordninga
- Følgjekortet kan anten vere på papir eller digitalt
- Tenesta vert administrert av avdeling for service i Herøy kommune

Forventningar til tenestemottakar/føresett

- Samtykke til at kommunen kan innhente naudsynte opplysningar for å få handsama saka, til dømes frå fastlegen
- Legge ved passfoto i søknaden. Du kan også sende eit bilet på epost eller møte opp i avdeling for service slik at dei kan ta bilet av deg der
- Ha bustadadresse i Herøy kommune for å søkje om tenesta.

Merkand

Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

Herøy kommune
Rådhusgata 5

Postboks 274
6099 Fosnavåg

Layout, utforming og korrektur: Kommunikasjonsavdelinga

Alle foto/illustasjonar der ikkje anna er oppgitt: Adobe Stock.

